



PROSJEKTPLAN

VASSOMRÅDE NORDFJORD

Innleiing:

Vassregion Sogn og Fjordane er ein av 11 vassregionar i Noreg, og Sogn og Fjordane fylkeskommune (Vassregionmynde) har starta arbeidet med forvaltningsplan for vassregionen. Planprogrammet er varsla og sendt på høyring. Forvaltningsplanen med tiltaksprogram skal vedtakast i 2015.

Kommunane skal vere med å gje bakgrunnsinformasjon om vassførekomstane i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen til vassregionen.

Prosjektplanen skal vise organisering av Vassområde Nordfjord, samt framdriftsplan og ei oversikt av arbeidet som skal utførast.

Prosjektplanen er utarbeidd av ei midlertidig arbeidsgruppe for Vassområde Nordfjord. Arbeidsgruppa vart vald av vassområdeutvalet på møte den 3. mars 2011 og kjem frå administrasjonen i kommunane.

Prosjektplanen skal vedtakast av kommunane i Vassområde Nordfjord.

Arbeidsgruppa den 31. mai 2011

Bjørn H Marthinussen, Bremanger kommune

Odd Rønningen, Stryn kommune

Einar Holmøy, Gloppen kommune

1. Bakgrunn

1.1 Vassforskrifta

Den nye Vassforskrifta (VF) vart sett i verk 01.01.2007. Denne er komen på plass som følge av EU sitt vassdirektiv. VF seier at alle vassførekomstar i Noreg skal ha **minimum god økologisk og kjemisk tilstand**. Direktivet legg opp til ei ambisiøs forvaltning av fersk- og kystvatn. For alle vassførekomstar i Noreg skal det lagast ein regional forvaltningsplan og eit tiltaksprogram. Første planfase strekk seg over 6 år dvs perioden 2010 – 2015, og endar opp med vedtak av forvaltningsplan med tiltaksprogram i fylkestinget. I neste planfase som er 2016 – 2021, skal forvaltningsplanen med tiltaksprogram gjennomførast. Med andre ord må tiltaka for å nå miljømåla vere gjennomført innan 2021.

Arbeidet med å forvalte vassdirektivet blei overført frå fylkesmannen til fylkeskommunen frå og med 01.01.2010. Denne prosjektplan er ment å inngå som grunnlag for organisering av arbeidet i Vassområde Nordfjord. Planen må kunne endrast og oppdaterast i planperioden.

2. Mål for forvaltning av vassressursane i Vassområde Nordfjord

2.1 Hovudmål

Vassdraga og sjøområda langs kysten i vassområdet skal forvaltast slik at vasskvaliteten i kvart vassdrag kan klassifiserast som god.

Prosjektet skal kartlegge tilstanden i vassførekomstane i vassområdet, og føreslå nødvendige tiltak slik at miljømåla i vassforskrifta vert nådd innan 2021. Prosjektet skal utarbeide eit grunnlagsmateriale (tiltaksanalyse) til arbeidet med forvaltningsplan og tiltaksprogram for Vassregion Sogn og Fjordane for Vassområde Nordfjord.

2.2 Delmål

Ta del i arbeidet med å karakterisere, risikovurdere og klassifisere alle vassførekomstane i Vassområde Nordfjord (Fylkesmannen har hovudansvaret).

Fastsette miljømål som sikrar at minimum standard miljømål om god økologisk tilstand, godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand vert nådd i alle vassførekomstar. Føreslå og evt. greie ut nødvendige tiltak for å oppretthalde eller betre miljøtilstanden i vassførekomstane (fysiske inngrep, vasskvalitet, framande artar m.m.) slik at miljømåla vert nådd seinast innan fristen som er 2021.

3. Organisering

3.1 Vassområde Nordfjord

Vassområde Nordfjord er eitt av fire vassområde i Vassregion Sogn og Fjordane. Det er samansett av kommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Stryn og Vågsøy som også er eigarar av prosjektet. Det er delar av vassdrag som høyrer til i dette vassområdet som strekkjer seg inn i kommunar som i hovudsak høyrer til i tilgrensande vassområde. Deler av Breimsvassdraget startar i Stardalen og Jølster er derfor plassert både i Sunnfjord og Nordfjord vassområde.

Organiseringa på vassområdenivå er ikkje definert i vassforskrifta. Andre vassområde som alt er etablerte har organisert seg med vassområdeutval, referansegruppe og ei gruppe som tek i vare sekretariatsfunksjonen. I tillegg kan det opprettast temagrupper under sekretariatet. Vassområde Nordfjord vert organisert etter same modell.

3.2 Vassområdeutval

Det skal opprettast eit vassområdeutval som skal fungere som styringsgruppe for prosjektet. Det skal velgast ein representant frå kvar kommune, dette kan gjerne vere ein politisk representant. I tillegg til representantar frå kommunane vert representantar frå regionale mynde invitert inn i styringsgruppa.

Vassområdeutvalet har ansvar for at arbeidet vert sett i gang, og at vassforskrifta vert følgd opp. Vassområdeutvalet avklarar korleis det interkommunale samarbeidet skal organiserast og set opp budsjett med fordeling av kostnader for vassområdet. Rapportar og utgreiingar frå prosjektgruppa/prosjektleiari skal rapporterast til vassområdeutvalet. Vassområdeutvalet skal gjere vedtak om saker innanfor Vassområde Nordfjord, og rapportere til vassregionmyndigheita.

Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyremaktar og interesseorganisasjonar.

Vassområdeutvalet vil vedta organisering, framdriftsplan, oppdrag og finansieringsplan.

Framdriftsplanen er styrt av fristane i vassforskrifta.

Kommunen sine bidrag (økonomisk, personell etc) må forankrast/godkjennast i den enkelte kommune.

3.3 Prosjektgruppe og prosjektleiari

Prosjektgruppa skal vere sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til forvaltningsplanen. Prosjektgruppa ev. i samarbeid med temagrupper utarbeider framlegg til tiltak og arbeidsoppgåver som skal gjennomførast på vassområdenivå, og rapporterer til vassområdeutvalet. Representantar frå administrasjonen i kommunane i Vassområde Nordfjord skal vere med i prosjektgruppa.

I denne gruppa skal det vere ein prosjektleiari som og skal ha sekretærfunksjon. Sjå pkt 4.3 om prosjektleiari.

Sekretariatet skal vere eit bindeledd mellom dei deltakande kommunane, sende ut møteinnkallingar og skrive møtereferat.

3.4 Temagrupper

Temagrupper vert oppretta ut frå dei mest aktuelle problemstillingane i vassområdet. Det vert lagt opp til brei medverknad på tvers av sektoransvar og fagdisiplinar der lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å bidra.

3.5 Referansegruppe

Det kan opprettast ei referansegruppe for prosjektet. Denne kan vere samansett av sektormyndigheiter som ikkje er med i vassområdeutvalet, frivillige organisasjonar og interessentar i vassområdet. Referansegruppa skal gje tilbakemeldingar og innspel til arbeidet. Referansegruppa er oppretta for å sikre god medverknad i prosessane og arbeidet.

4. Arbeidsoppgåver for Vassområde Nordfjord

4.1 Generelle arbeidsoppgåver

Prosjektet skal gjennomførast etter arbeidsmetodar og prosessar som er skildra i vassforskrifta og tilhøyrande rettleiarar, i tillegg følgje dei råmer og rettleiingar som vassregionmynde set.

Vassområde Nordfjord skal i perioden frå 2011-2013 utarbeide innspel til framlegg til regional forvaltningsplan. Grunnlaget til dette skjer gjennom karakterisering og overvakning av vassførekomstane. Målet er å klassifisere alle vassførekomstar på grunnlag av overvakingsdata og karakterisering. Karakterisering, klassifisering og overvakning skal følgje vedlegga til vassforskrifta.

Figur 1. Klassifiseringssystemet

TILSTANDSKLASSE JF: ØKOLOGISK STATUS / TILSTAND	STATUS I HØVE TIL OVERORDNA MILJØMÅL
Meget God	Miljømål tilfredstilt
God	
Moderat	Naudsynt med tiltak for å nå overordna miljømål
Dårlig	
Meget Dårlig	

Fylkesmannen skal som bakgrunnsmateriale foreta ein fullkarakterisering av vassførekomstane i vassområdet. Dei mest problematiske vassførekomstane blir kartlagt fyrst. Følgjande faktorar skal m.a kartleggast (ikkje prioritert):

- Næringsstoff, salt, miljøgifter med meir
- Hinder for oppgang av fisk /fysiske inngrep
- Botndyr, fisk og vegetasjon
- Aktuelle vassførekomstar til drikkevatt

Arbeidsoppgåvene i vassområdet skal vere utførde innan gjevne tidsfristar, sjå skjema under.

4.2 Arbeidsoppgåver i vassområdeutval og kommunar

I planprogrammet til forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane er det vist følgjande arbeidsoppgåver:

Vassområdeutval (VO):

- Utarbeide dei lokale tiltaksanalysane. Gode tiltaksanalysar er heilt avgjerande for kvaliteten på forvaltningsplanen og tiltaksprogram.
- Samle lokal kunnskap.
- Føreslå tiltak og vurdere dei.
- Føreslå kandidatar til SMVF (sterkt modifiserte vassførekomstar).

Kommunane skal:

- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak for sitt ansvarsfelt/ levere materiale til tiltaksanalysen.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål.
- Delta i vassregionutvalet.
- Delta i vassområdeutvalet.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsfelt (kloakk, landbruksforureining m.m).
- Rapportere til vassregionmynde årleg.
- Saman ha leiarrolla i vassområdeutvala.

Kommunane sitt ansvar:

- Ansvar for vatn og avlaup, drikkevatt, landbruk.
- Planlegging og sakshandsaming etter plan og bygningslova, kommunedelplan m.m.
- Sakshandsaming etter ureiningslova der kommunane er ureiningsmynde.

Målsettinga er å få alle vassførekomstar opp på minimum godt nivå, sjå figur under. For å få dette til må det gjennomførast ei karakterisering av vassførekomstane. Når tilstrekkeleg datagrunnlag ligg føre skal vassførekomstane klassifiserast etter den tilstand dei er i, skalaen går frå svært dårleg til svært god. For vassførekomstar som oppnår klassifisering lågare enn god, skal det settes i verk tiltak som over tid skal bringe kvaliteten opp til ønska nivå. Vassførekomstar som allereie er på et godt eller høgare nivå skal ikkje reduserast til eit lågare nivå. Det skal utarbeidast ein heilskapleg vassforvaltningsplan for kvar vassregion. Forvaltningsplanen er basert på innspel frå det enkelte vassområde gjennom ein tiltaksanalyse. For vassførekomstar med for låg kvalitet skal det i tillegg m.a. utarbeidast ein kost/nytte analyse for å finne fram til beste tiltaka for å nå måla.

Figur 2: Kjemisk- og økologisk kvalitetsklassifisering



Den lokale tiltaksanalysen bør den enkelte kommune ha ansvaret og eigarskapet til, ettersom kommunane er utførande myndigheit på fleire område som handlar om vatn: landbruk, miljø, vatn og avløp, forureining med meir. Tiltaksanalysen har ikkje status som plan og skal ikkje vedtakast i kommunar eller fylkesting.

For sterkt modifiserte vassførekomstar kan vassførekomstane få miljømål om *godt økologisk potensial*, noko som opnar for redusert krav til økologisk tilstand. Eit eksempel på ein sterkt modifisert vassførekomst er vassførekomst utbygt til kraftføremål. Vassområdeutvalet kan foreslå kandidatar til sterkt modifiserte vassførekomstar etter gjevne kriterium. Den kjemiske tilstanden i sterkt modifiserte vassdrag må minst vere god. Vassregionutvalet vil vedta endeleg utpeiking av sterkt modifiserte vassførekomstar.

4.3 Prosjektleder/sekretær

Arbeidsutvalet i Vassregion Sogn og Fjordane gjekk i møte den 29. mars 2011 inn for at det i kvart av dei 4 vassområda i fylket skal tilsettast prosjektleder i 100 % stilling. Ut frå dette og med tanke på det omfattande arbeidet som skal utførast, vert det søkt om finansiering av ei 100 % prosjektlederstilling, førebels for 4 år. Prosjektleder får kontor plass i vertskommunen Gloppen.

Arbeidsoppgåvene til prosjektleder vil m.a. vere:

- Utarbeide arbeidsplan med budsjett og årsmelding til vassområde i samarbeid med prosjektgruppa.
- Karakterisering av vassområdet i samarbeid med Fylkesmannen - med opplysningar frå den enkelte kommune og statleg sektormynde.
- Samanstille tiltaksanalyser som skildrar tilstand, påverknader og moglege tiltak i vassdraget/vassområde i samarbeid med prosjektgruppa og med fagleg bidrag frå den enkelte kommune, statlege sektormynde, interessentar og viktige aktørar i vassdraget.
- Utarbeide framlegg til overvåkingsprogram i samarbeid med aktuelle aktørar.
- Gje innspel til oversikt over vesentlege spørsmål og økonomisk analyse i 2011/2012 i planarbeidet til vassregionmynde.
- Utarbeide framlegg til miljømål for kvar enkelt vassførekomst i samarbeid med prosjektgruppa.
- Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle fasar av arbeidet, gjennom møter, referat, nettside etc.

5. Framdrift

Framdrifta til prosjektet vert lagt opp etter tidsråme til Vassregionmyndigheita.

Framdriftsplan

5.1 Skjema under viser framdriftsplanen til vassregion Sogn og Fjordane.

H= høyring, V=vedtak

Framdriftsplan vassregion	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Etablering av vassregion						
Etablering av vassområde						
Planprogram		H H V				
Vesentlege utfordringar			H H V			
Forvaltningsplan m tiltaksprog					H H V	
Karakterisering						
Klassifisering						
Regionalt overvåkingsprogram						
Gjennomføre overvaking						
Økonomisk analyse						
Register over beskytta område						
Utarbeide lokale tiltaksanalysar						
Utarbeide miljømål						

Planprogrammet til forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane viser arbeidet med vassforskrifta slik:



Fig. 4 .Arbeidet med vassforskrifta vil vere kontinuerleg og skal rullerast kvart 6. år.

Milepelar:

Oppgåve	Kommentar	Tidsfrist
Oppstartsmøte	- Konstituering av Vassområde Nordfjord	Mars 2011
Prosjektplan	- Godkjent prosjektplan	Oktober 2011
Finansiering	- Søknad om skjønnsmidlar (fylkesmannen)	1. juni 2011
Prosjektlear	Avklaring av stilling/engasjement	Haust 2011
Karakterisering startar i samarbeid med fylkesmann	Sjå framdriftsplan	2011
Karakterisering gjennomført		1. juli 2012
Overvakingsprogram		Start 2011
Miljømål fastsett og tiltaksanalyse gjennomført	Nødvendige data og informasjon til tiltaksanalysen kan samlast inn i samband med fullkarakteriseringa og klassifisering	2013
Prosjektslutt		
Start iverksetting av tiltak	Ev. detaljplanlegging ut over det som er gjort i tiltaksanalysen	2016
Miljømål er nådd		31.12.2021

6. Økonomi

6.1 Kostnader

Kostnadane vil i hovudsak knyte seg til prosjektlear/sekretariat, møter, reiser, kurs og utgifter til vassanalyse og utgreiing av tilstanden til vassførekomstane. Kommunane må yte ein eigeninnsats ved å legge fram kjende opplysningar av vassførekomstane, utføre kartlegging, delta på møte, og gjennomføre tiltak i vassførekomstane.

Kostnader	2011	2012	2013	2014	2015
Prosjektlear/ sekretariat	350 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Møter, reiser og kurs	50 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Vassanalyser og overvakning inkl rapportar	150 000	300 000	300 000	300 000	150 000
ÅRLEG SUM	550 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000	950 000
Sum år 2011-15 (Prosjektperiode)	4 800 000				
Sum totalt	4 800 000				

6.2 Finansiering

Det vil vere vesentleg å avklare finansieringa av prosjektet så tidleg som mogleg. Aktuelle finansieringskjelder er kommunar i vassområdet, statleg mynde, fylkeskommunen, m.fl.

Det vert gjort framlegg om at kostnadane vert finansiert 50 % av kommunane som inngår i vassområde, 25 % av fylkesmannen, 25 % av fylkeskommunen. Fordeling av kommunane sin del av kostnaden kan følgje same modell som Nordfjordrådet nyttar. Denne modellen er politisk forankra og medfører at 25% av kostnaden vert delt likt, medan 75% vert fordelt pr innbyggjar. Stryn kommune har som pilotkommune vore gjennom denne prosessen tidlegare, men har framleis ein del oppfølgingsoppgåver som anslagsvis utgjer 20 % av arbeidet som no skal gjerast i dei andre kommunane

Det er framlegg om å søkje skjønsmidlar frå fylkesmannen. Dette er avgjerande for gjennomføring av prosjektet. Framlegget er sett opp i tabell:

	% fordeling	Kostnad samla 2011 - 2015	Kostnad 2011
8 Kommunar	50 %	2 400 000	275 000
Bremanger kommune		330 000	38 000
Eid kommune		460 000	53 000
Gloppen kommune		448 000	51 000
Hornindal kommune		154 000	18 000
Jølster kommune		114 000	13 000
Selje kommune		258 000	29 000
Stryn kommune		167 000	19 000
Vågsøy kommune		469 000	54 000
Fylkesmannen	25 %	1 200 000	137 500
Fylkeskommunen	25 %	1 200 000	137 500
Sum	100 %	4 800 000	550 000

Dersom ein får til anna finansiering kan det gå til reduksjon av potten frå kommunane eller fylkesmannen.